

## Årsmelding Vestnes Eldreråd 2020.

**Vestnes Eldreråd har for perioden 2019 - 2023 slik samansetning:**

**2 politiske valde representantar med vara i rekkefølge:**

- Paul Hjelvik, Leiar
- Aud Sissel Løvoll Suoranta
- Knut Flølo
- Martin Kjøpstad

**Valde representantar frå dei forskjellige pensjonistlaga med vara i rekkefølge:**

- Are Magne Elvevold (Tomrefjord)
- Oddrun Karin Nordeide (Vestnes)
- Randi Braute Sylte (Tresfjord), Nestleiar
- Asbjørn Gisnås (Vike)
- Elin Sølvi Furland (Tomrefjord)
- Gerd Misfjord (Vestnes)
- Ivar Arne Gjeitnes (Tresfjord)
- Oddvar Nordgård (Vike)

**Møteaktivitet i 2020:**

Frå slutten av februar og ut året var 2020 prega av Covid-19 pandemien. Arrangement i pensjonistforeiningane vart avlyst og eitt av møta i Eldrerådet gjennomført digitalt på Skype. Mellom anna vart eldredagen avlyst. Eldrerådet har likevel gjennomført sine møter på tilnærma normalt vis ved å overhalde gjeldande smittevernreglar. Møta har i all hovudsak blitt gjennomført ilag med Rådet for Funksjonshemma.

I 2020 blei det gjennomført 6 møter, hvorav:

- 4 i kommunestyresalen i Vestnes rådhus
- 1 i møterom ved kantina i Vestnes rådhus
- 1 på Skype (digitalt)

Eldrerådet deltok også på synfaring ved Helsehuset Stella Maris saman med Rådet for funksjonshemma i september.

Administrasjonen og Eldrerådet har samarbeida godt. Administrasjonssjef og einingsleiarar har stilt opp på møter i Eldrerådet og Rådet for funksjonshemma og orientert om kommunale saker på ein fremdragende måte. Særleg i forhold til Covid-19 situasjonen i kommunen, men også om andre saker som framdrift i byggeprosjektet Stella Maris, velferdsteknologi, vedlikehald av kommunal eigedom, vassforsyningsberedskap m.m.

Silje Beate Sylte gjer en fremdragende jobb som sekretær for Eldrerådet, og held styr på det meste.

Av saker som har blitt behandla i Eldrerådet kan nemnast:

- 3/20 Høyring - organisasjonsutvikling for Vestnes kommune sine helse- og omsorgstenester etter innflytting i Helsehuset Stella Maris
- 6/20 Organisering og leing av pleie- og omsorgstenestene etter innflytting i Stella Maris
- 11/20 Ombud for dei eldre i Vestnes kommune
- 15/20 Høyring - Utvikling av rehabiliteringstenesta i Møre og Romsdal
- 20/20 Ev. uttale til kommuneplanen sin handlingsdel 2021-2024, økonomiplan 2021-2024 og budsjett 2021
- PS-21/20 Oppretting av brukarutval for omsorgstenestene i kommunen